

**BYGGASSISTENTEN RISØY**

Solåsen 2 H  
5223 NESTTUN  
Tlf.: (+47) 411 08 254  
e-mail: gunnar.risoy@gmail.com

**Alver kommune**

Byggesaksavdelinga  
Postboks 4

**5906 FREKHAUG**

Nesttun, den 30.05.2023

**VEDK.: RISØYVEGEN 109, G/Bnr. 81/3,  
SØKNAD OM LØYVE TIL Å LEGGJA UT FLYTEBRYGGJE, OG SØKNAD  
OM NAUDSYNTE DISPENSASJONAR I SAMBAND MED DETTE.**

På vegner av eigarane av Risøyvegen 109, Gro og Leif Terje Fønnes, søker ein med dette om løyve til å leggja ut ei flytebryggje ved egedomen.

Samstundes søker ein om dei dispensasjonane som måtte vera naudsynte i samband med eit slikt tiltak. Så langt ein kan sjå, gjeld dette først og fremst:

- A. PBL § 1-8, «Forbud mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag».
- B. Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden. Der går det fram at det aktuelle området er definert som LNF-område, som i PBL §11-7, nr 5 er delt i to underformål:
  - a. «areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gårdens ressursgrunnlag»
  - b. Areal for spredt bolig-, fritids- eller næringsbebyggelse mv.

**Grunngjeving for søknad om dispensasjonar:**

- A. Forbud mot tiltak langs sjø og vassdrag:

Den vågen der det omsøkte tiltaket er planlagt ligg «utanfor allfarveg». På grunn av mange grunnar og skjer er han på det næraste utilgjengeleg for båtar som er større/djupare enn robåtar og mindre fritidsbåtar. I alle dei snart 60 åra hytta på egedomen 81/3 har stått der, er det svært sjeldan at ein har sett båtar inne på denne vågen. Ein meiner difor at tiltaket ikkje på nokon måte kan vera til ulempe for nokon. For dei som brukar hytta vil tiltaket derimot vera til stor glede og nytte, fordi den staden ein ynskjer å ha flytebryggja er den einaste staden på egedomen der det er mogeleg å koma til med båt. «Sjøfart» vil naturleg nok vera ein viktig aktivitet for dei som brukar ei hytte som ligg slik til. Her kan ein og visa til Friluftskartet som Lindås kommune ga ut i 1998 i samarbeid med Nordhordland Turlag og Bergen og omland friluftsråd. Det syner at hytta ligg i eit område som eignar seg særleg godt for kano-/kajakpadling. Dette er ein aktivitet som dei noverande (og framtidige) brukarane har teke opp.

**BYGGASSISTENTEN RISØY**

Solåsen 2 H  
5223 NESTTUN  
Tlf.: (+47) 411 08 254  
e-mail: gunnar.risoy@gmail.com

B. Området er avsett til LNF-føremål.

**I og med at hytta på G/b nr 81/3 har stått på eiegenomen i snart 60 år, ville det vera naturleg at han høyrer heime under LNF-føremål b: «Areal for spredd bolig-, fritids- eller næringsbebyggelse mv».**

Her vil det i samsvar med PBL § 11-11 nr. 4 vera aktuelt «å tillate nødvendige bygninger, mindre anlegg og opplag i 100-metersbeltet langs sjøen med sikte på landbruk, reindrift, fiske, fangst, akvakultur **og ferdsel til sjøs**».

I dette tilfellet ser ein det som heilt naudsynt å få til eit arrangement som gjer at ein kan unngå å klatra om bord og i land på sleipe svaberg til/frå kanoar og andre småbåtar. Dette har i høgste grad med tryggleik å gjera, og ein vil med dette be om at det vert gjeve dispensasjon for gjennomføring av tiltaket.

Med venleg helsing

**BYGGASSISTENTEN RISØY**

  
Gunnar Risøy